

Arkiv: <arkivID><jpID>
Plannavn-
Kommuneplanen
sin samfunnsdel,
Komnr-4631, FA-L1

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 04.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
096/21	Alver formannskap	11.11.2021

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2034. Høyring og offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2034 ut på høyring og offentlig ettersyn.
- Høyringsfrist er 1. februar 2022

Alver formannskap 11.11.2021:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

- 1.) Leknes/Hjelmås (5915) kjem inn som nytt nærsenter
- 2.) Norges største Industriklynge Mongstad blir tatt med i alle kart i planen
- 3.) Delmål 24: Satsingsområde Skogbruk blir tatt inn i planen
- 4.) Delmål 17 – Kommunikasjonsmessig skal det brukast klar tale som vanlege folk kan forstå i skriftleg og nettbasert kommunikasjon. Open innsikt til ein kvar tid er ein forutsetjing

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved T.Larsen-H:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgende endringar:

Kapittel 5, hovudmål 1:

Endre vegval på mål nummer to:

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging utanfor dei definerte sentra.

Endras til:

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.

Nytt hovudmål:

Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjøncære område til fritid og rekreasjon

Vi skal sørga for ei berekraftig utvikling av strandsona.

Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til strandsona.

Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere og leggje til rette for areal for bustader, fritidsbustader, båt plassar og naust i strandsona.

Merknad: Dei to siste vegvala er flytta frå hovudmålets andre mål, og blir følgjeleg stroke frå der dei opphavleg stod

Kapittel 5, hovudmål 3:

Endre vegval til

Vi skal styrke kulturskulen som ein samfunnsbyggjar og som ein inkluderande og kreativ læringsarena for barn og unge.

Nytt hovudmål:

Kulturhus og svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerer som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar. Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheta for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.

Vi skal samarbeide med fylkeskommunen og andre relevante instansar for å sikre at kulturhuset vert realisert i eit regionalt perspektiv.

Vi skal søkje samarbeid med aktuelle stiftingar og andre som løyver midlar til kultur og idrettsanlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Utvide høringsperioden til 15. februar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Tillegg i kulepunkt fem under 6.2 Samordna bustad- areal- og transportplanlegging.

Tillegg: ...verdifulle kultur- og naturmiljø.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, T.Sletten-Hansen-uavh.og J.Helletveit-SP)

Rådmannen sitt framlegg med vedteke endringar vart samrøystes vedteke.

FO- 096/21 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2034 ut på høyring og offentleg ettersyn med følgjande endringar:

Kapittel 5, hovudmål 1:

Endre vegval på mål nummer to:

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging utanfor dei definerte sentera.

Endras til:

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.

Nytt hovudmål:

Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon.

Vi skal sørge for ei berekraftig utvikling av strandsona.

Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til strandsona.
Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsona, vurdere og leggje til rette for areal for bustader, fritidsbustader, båt plassar og naust i strandsona.

Merknad: Dei to siste vegvala er flytta frå hovudmålets andre mål, og blir følgeleg stroke frå der dei opphavleg stod

Kapittel 5, hovudmål 3:

Endre vegval til

Vi skal styrke kulturskulen som ein samfunnsbyggjar og som ein inkluderande og kreativ læringsarena for barn og unge.

Nytt hovudmål:

Kulturhus og svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerer som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar

Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheta for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall

Vi skal samarbeide med fylkeskommunen og andre relevante instansar for å sikre at kulturhuset vert realisert i eit regionalt perspektiv

Vi skal søkje samarbeid med aktuelle stiftingar og andre som løyver midlar til kultur og idrettsanlegg.

- Høyringsfrist er 15. februar 2022

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Kva saka gjeld:

- I denne saka skal formannskapet vurdere høyringsutkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel, og legge den ut på 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Saksutgreiing

Bakgrunn og fakta.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den øvste planen i det kommunale planhierarkiet og er heimla i § 11-2 i plan- og bygningslova. I kommuneplanen sin samfunnsdel skal kommunen ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen er tett kopla til og legg føringar for arealdelen. Samfunnsdelen peiker på kva hovudutfordringar kommunen har og kva vi ønskjer å oppnå med samfunnsutviklinga. Arealdelen skal vise korleis vi skal bruke areala i kommunen for å oppnå dei mål og satsingar som er sett i samfunnsdelen. Samfunnsdelen ser langt fram og visar korleis politikarar og tilsette i Alver kommune kan løyse kommunen sine utfordringar ilag med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar og andre regionale og statlege aktørar. Planen teiknar det store biletet, og blir følgt opp av detaljar i kommunedelplanar, temaplanar og handlingsplanar. Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokumentet, og angår alle som bur, jobbar og lever i Alver. Etersom Alver kommune blei etablert 01.01.2020, er dette den første utgåva av kommuneplanen sin samfunnsdel .

Planprosess og medverknad

Planprogrammet til kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedtatt av formannskapet hausten 2020. Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, plantema og opplegget for medverknad.

Frå september 2020 til mars 2021 blei det gjennomført ein medverknadsprosess ut mot

innbyggjarar og næringsliv. Medverknadsprosessen var ein felles prosess saman med kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse og omsorg. I medverknadsprosessen har det vore møte og samtalar med innbyggjarar, næringsliv, råd, politikarar, barn, unge og tilsette i kommunen.

Medverknadsprosessen er samla i sju rapportar, som ligg som vedlegg til saka:

1. Melding frå folket
2. Nærsesterstudie
3. Samtalar med råda
4. Tenketank med næringslivet
5. Mitt Alver
6. Digital samfunnsdialog
7. Melding frå administrasjonen

Etter medverknadsprosessen med innbyggjarar og andre aktørar, starta det politiske strategiarbeidet med styringsgruppemøte i formannskapet 24. mars. I løpet av våren blei det gjennomført politiske arbeidsmøte med ulike utval og kommunestyret. Grunnlaget for desse arbeidsmøta var kunnskapsgrunnlaget frå medverknadsprosessen. Først blei det gjennomført ein analysefase, der alle innspel frå både medverknadsprosess og politiske arbeidsmøte er samla i ei hovudanalyse. Denne analysen er brukt i arbeidet med peike ut visjon, mål og vegval som er lagt inn i endeleg høyringsutkast.

Høyringsutkastet til samfunnsdelen blei lagt fram for politisk handsaming i formannskapet 2. september (sak 76/21). Formannskapet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Formannskapet ser behov for ytterlegare arbeid, presiseringar og tydeliggjering i samfunnsplanen og vil difor ikkje leggja dokumentet på høyring og offentleg ettersyn på noverande tidspunkt. Formannskapet ber om eit nytt styringsgruppemøte for samfunnsplanen innan utgangen av september, der styringsgruppa får høve til å leggja inn bestillingar og forventningar som må arbeidast inn i planen før denne blir lagt ut på høyring.*

I etterkant av formannskapsmøtet 2. september er det gjennomført to styringsgruppemøte der styringsgruppa har kome med bestillingar på kva dei ønskjer å presisere og tydeleggjere i planen. Mellom anna er det lagt inn ein framtidsvisjon, som fortel kva ambisjon ein har for utviklinga fram mot 2040. Det er lagt inn fire hovudmål med delmål og konkrete strategiske vegval. Styringsgruppa har også bedt om eit kunnskapsgrunnlag for å peike ut nye senterstruktur og nye nærsester, og framlegg til ny senterstruktur med fleire nye nærsester er med i høyringsutkastet.

Rammer for arbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla ser miljømessig, økonomisk og sosial utvikling i samanheng. Vi må tenke heilskapleg når vi skal løyse utfordringane i dag og i framtida, og det er dette som er utgangspunkt for visjon, mål og vegval som ligg i samfunnsdelen.

Andre viktige føringar for kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Lovar og forskrifter
- Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging
- Nasjonale planretningslinjer
- Regionale planar
- Intensjonsavtalen for ny kommune (vedtatt i 2016)
- Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling (Vedtatt i 2019)
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Planprogrammet til samfunnsdelen
- Utfordringsnotatet (grunnlag for planstrategi)
- Folkehelsedokumentet

Høyring og offentleg ettersyn

Høyring av planframlegg skal etter plan- og bygningslova § 11-14 vere minst 6 veker. Kommuneplanen er ein viktig utviklingsplan for Alver og kommunen bør derfor vurdere å utvide høyringsperioden, slik at flest mogleg kan kome med innspel. Det blir lagt opp til ein aktiv høyringsperiode der kommunen inviterer seg inn på etablerte arenaer i heile kommunen. Etter høyringsperioden blir det handsaming av merknader med mål om endeleg vedtak i kommunestyret våren 2022.

Oppbygging av samfunnsdelen

I den innleiande delen av planen blir rammene for planarbeidet presentert, mellom anna er FN sine berekraftsmål ein sentral premis for framtidig samfunnsutviklinga. Vidare presenterer planen innspela frå medverknadsprosessen og hovudutfordringane frå analysefase. Det er hovudutfordringane som er grunnlaget for kva ein ønskjer å oppnå, og kva for visjon, mål og strategiske vegval kommunen har mot 2040.

I kapittel 5 blir framtidvisjon, hovudmål, delmål og vegval presentert. Det er fire hovudmål med tilhøyrande delmål (Dette vil vi oppnå) og vegval (slik skal vi gjere det). I kapittel 6 viser planen korleis vi skal utvikle areala til kommunen i tråd med dei mål og vegval som ligg i kap 5. Her ligg det sentrale prinsipp for arealbruk, som er viktig i det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Prinsippa i kap 6 skal vere eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen.

Vurdering

Framlegget til høyringsutkast i denne politiske saka er bygd på framlegget frå 2. september med dei endringar og bestillingar som er kome frå styringsgruppemøta 29. september og 27. oktober. Rådmannen har i stor grad justert dokumentet i tråd med bestillingar frå styringsgruppa, men det er også bestillingar og innspel som har behov for ei nærare fagleg vurdering. Desse vurderingane vil bli lagt fram i denne saka.

1. Struktur

Det er gjort strukturelle endringar i tråd med tilbakemelding frå styringsgruppa. Utfordringar og fortrinn er tatt inn som eit eige kapittel (kap 4). Kapittel 5 er omarbeida med ein framtidvisjon, mål og vegval, og det er lagt inn eit eige delkapittel om korleis vi skal utvikle organisasjonen for å nå dei måla som ligg i planen.

2. Framtidvisjonen

I kapittel 5.1 er det lagt inn ein framtidvisjon som beskriv kva kommunen skal satse på mot 2040. I styringsgruppemøte 27. oktober kom det innspel om å leggje til følgjande tilleggstekst i visjonen: *Alver skal vera eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri.*

Rådmannen si vurdering

Mongstad industriområde og mange av verksemdene i kommunen har ein sterk industriell posisjon, og kan spele ei sentral rolle i utvikling av framtidig berekraftig industri. Det er mange faktorar som spelar inn for å bli eit nasjonalt tyngdepunkt, og det er uklart korleis kommunen skal kunne måle at ein har tatt ein slik posisjon. I det vidare arbeidet med strategi- og handlingsplanar er det viktig å konkretisere korleis ein skal oppnå måla og kven som skal bidra. Rådmannen foreslår følgjande tekst for framtidvisjonen:

- **Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.**

3. Folketalsvekst – 40.000 innbyggjarar i 2040

I styringsgruppemøte 27. oktober kom det bestilling på å legge inn eit mål om folketalvekst på 40.000 innbyggjarar i 2040. I tillegg er det ønskje om meir omtale rundt vekst og positiv utvikling i visjonskapitlet.


Rådmannen si vurdering

Per 2. kvartal 2021 hadde Alver 29 424 innbyggjarar. For å nå målet om 40 000 innbyggjarar i 2040 må folketallet altså auke med 10 576 personar dei neste 19 åra. Folketalsutviklinga avhenger av fire tilhøve:

1. Kor mange barn kvinnene i kommunen får («fruktbarheit»)
2. Kor lenge innbyggjarane lever (venta levealder)
3. Flyttestraumane mellom Alver og andre norske kommunar
4. Migrasjonsstrumane mellom Alver og utlandet.

Dei to fyrste av desse har historisk endra seg sakte, og det er unaturleg å legge til grunn at store endringar av desse vil bidra til å nå målet om 40 000. Viss målet skal nåast, må det altså skje ved endra flytting og migrasjon. Ved å legge til grunn SSB sine framskrivingar for fruktbarheit og levealder -som inneber at begge desse utviklar seg sakte i *positiv* retning, kan vi vise kor mykje flytte- og migrasjonsstrumane må endre seg for å nå målet om 40 000. Denne analysen syner at den summerte nettoutflyttinga og migrasjonen for Alver må halde seg mellom 390 og 450 personar årleg for at målet om 40 000 innbyggjarar skal nåast. Til samanlikning var talet 376 i 2007, som er det foreløpige rekordåret. I 2020 var talet 18 (Sjå figur 1).

Ei anna utfordring er sysselsetting til ein så stor befolkning. Viss yrkesdeltakinga og pendlarmønster er på same nivå som i dag, må talet på arbeidsplassar i Alver auke frå dagens 10.800 til 14.000 i 2040. I gjennomsnitt må talet arbeidsplassar auke med 1,4 prosent årleg. Dei siste ti åra har gjennomsnittsveksten for arbeidsplassar i Alver vore 0,5%. Eit mål på 40.000 i 2040 vil også skape utfordringar for kommunen sine tenester, og når det står som eit konkret mål i kommuneplanen sin samfunnsdel bør ein planlegge samfunnet og tenestene etter dette målet. Rådmannen anbefaler at det ikkje blir lagt inn eit måltal på 40.000 i 2040. I framtidsvisjonen er det lagt inn at vi vil ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter.



Figur 1: Netto flytting og migrasjon til Alver. Historiske tal, og framtidig behov dersom målet om 40 000 i 2040 skal nåast

I dei neste punkta er det framlegg til endringar under dei fire hovudmåla som blir vurdert. Dette er sett opp i ein tabell. Det er i hovudsak innspel frå styringsgruppemøta som er vurdert, i tillegg til at rådmannen også kjem med framlegg til nye endringar.

4.Innspel under hovudmål 1: Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn

Dette vil vi oppnå (delmål)	Slik skal vi gjere det (vegval)	Framlegg til endring og vurdering
<p>Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.</p>	<p>Vi skal ha spreidd busetting</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging utanfor definerte senter.</p> <p>Vurdering: Rådmannen støttar denne endringa.</p>
<p>Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.</p>	<p>Vi skal gjere det lettare å byggje bustad nummer to eller tre på gardsbruk.</p>	<p>Framlegg endring frå rådmannen: Vi skal gjere det lettare å byggje bustad nummer to på gardsbruk.</p> <p>Vurdering: Vi bør presisere at vi ønskjer å gjere det lettare å byggje bustad nummer to på gardsbruk. Det er i dag få tilfelle kor det er behov for bustadhus nummer tre på ein gard. Ved å leggje inn strategi knytt til bustadhus nummer to, utfordrar ein gjeldande lovverk på området. I dei tilfelle det er ønskje om bustadhus nummer tre, må slike saker gå som dispensasjon. Endringa er fulgt opp i kap. 6, prinsipp for arealbruk, med ei presisering av kor tid det er aktuelt å opne opp for bustadhus nummer to. Nærare konkretisering skal følgjast opp i underliggande planar.</p>
<p>Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.</p>	<p>Vi skal auke attraktiviteten ved å leggje betre til rette for fritidsbustader, båt plassar og naust.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Vil ha nytt mål: Vi skal leggje til rette for utvikling av bustader, fritidsbustader og naustbygging og ha differensiert strandsonopolitikk i Alver.</p> <p>Vurdering: Forvaltninga av strandsona er strengt regulert av nasjonale lover og føringar. I statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, er deler av Alver kommune (gamle Meland og Lindås kommune) i sone 2, områder der presset på areala er stort. Tidlegare Radøy kommune er i sone 3, områder med mindre press på areala. Denne todelinga har konsekvensar for korleis tiltak i dei ulike områda skal vurderast. Nærleik til sjø og sjøutsikt er ein kvalitet i Alver kommune, både i sentera våre og i meir perifere deler av kommunen. Deler av strandsona er ikkje tilgjengeleg på grunn av bratt terreng, men har ein verdi i form av utsikt til sjø. Med vår geografi er det naturleg og ønskeleg at det er rom for utvikling i strandsona. Ved vurdering</p>

		<p>av konkrete tiltak er det viktig at det ligg ein heilskapleg vurdering til grunn, og at omsynet til ålmenta sine interesser, fjernverknad av tiltak og samla verknad av alle enkelttiltak vert vurdert på ein god måte. For å sikre dette er eksisterande og ny kartlegging av funksjonell strandsone eit viktig premiss for vurderingane som skal gjerast i kommuneplanen sin arealdel. Rådmannen rår til å legge inn to nye strategiar/vegval knytt til dette delmålet. I Kap 6.2 er det også lagt inn eit eige avsnitt knytt til prinsipp for strandsoneforvaltning. Framlegg til formulering av nye vegval:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til strandsona. · Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere areal for bustader, fritidsbustader, båtplassar og naust i strandsona.
<p>Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø, landbruks- og friluftsområde</p>	<p>Vi skal ta vare på biologiske mangfald, og forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Vi skal ta vare på biologisk mangfald, og <u>aktivt</u> forvalte verdifulle område.</p> <p>Vurdering: Rådmannen støttar å leggje inn «aktivt forvalte», men det er viktig å presisere at ein skal forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging. Rådmannen har tatt det med i høyringsutkastet.</p>

5. Innspel under hovudmål 2: Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge

Dette vil vi oppnå (delmål)	Slik skal vi gjere det (vegval)	Framlegg til endring og vurdering
<p>Mongstad og Fensfjorden er ei leiande nasjonal industriklynge for grøn industriutvikling.</p>	<p>Vi skal ha byggjeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Strategi om byggjeklart næringsareal bør ligge til generelt mål om mangfaldig og konkurransedyktig næringsliv. · Beskrive Fensfjord-området meir presist. <p>Vurdering: Rådmannen vurderer at strategi om byggjeklart næringsareal bør vere knytt til Mongstad. Det er ein avgjerande faktor for å nå eit ambisiøst mål. Det betyr ikkje at kommunen kan ha klart areal andre stader, men det er spissa inn mot Mongstad-området. Rådmannen foreslår følgjande formulering om Fensfjorden i</p>

		delmålet: Verksemdene på Mongstad og i Fensfjord-bassenget er ei leiande nasjonal industriklynge for grøn industriutvikling.
Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet	Vi skal satse på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde med tilrettelagt infrastruktur.	Innspel frå styringsgruppe: Vil denne formuleringa av vegval avgrense framtidig utvikling av nye næringsområde? Vurdering: I kap 6, prinsipp for arealbruk, er det lagt inn følgjande formulering knytt til næringsområde: «Vi skal som <u>hovudprinsipp</u> vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande næringsområde, framfor å etablere nye næringsområde på ubebygde areal». Rådmannen meiner at dette gir eit handlingsrom til å opne for nye næringsområde i framtida om det skal vere behov for det.
Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert	Vi skal legge til rette for aktiv drift av eksisterande landbruksareal	Innspel frå styringsgruppe: Skogsbruksnæring i Alver er viktig, vi må presisere at vi vil utvikle denne næringa også. Vurdering: Rådmannen er samd at det er viktig å leggje til rette for skogbruket. Framlegg til nytt vegval: Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk.

6. Innspel under hovudmål 3: Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga

Dette vil vi oppnå (delmål)	Slik skal vi gjere det (vegval)	Framlegg til endring og vurdering
Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettsstilbod.	Vi skal ha organiserte tilbod og uorganiserte arenaer som seinkar terskelen for å delta innan kultur og idrett.	Innspel frå styringsgruppe Vurdere om, og eventuelt kor, vi skal ta med livssyn. Vurdering: Kultur og frivilligheit omfattar all frivillig aktivitet, også aktivitet som er livssynsrelatert. Rådmannen meiner at dette er dekkja i dei formuleringar som ligg under hovudmål 3. Viss det er ønskje om å presisere mål og vegval rundt det å tru, så vil det truleg høyre til under hovudmål 4. Rådmannen foreslår også å justere tekst på vegval, slik at formuleringane blir

<p>Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod.</p>		<p>betre. Framlegg til ny tekst:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Vi skal ha tilbod, aktivitetar og møteplassar som seinkar terskel for å delta innan kultur og idrett. <p>Framlegg endring rådmannen: I sluttarbeidet med høyringsutkastet ser rådmannen at det er eit perspektiv som ikkje er tydeleg nok i planen. Det gjeld utviklinga av kulturarenaer og idrettsanlegg. Rådmannen foreslår nytt vegval under dette delmålet:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Vi skal sikre ei tilpassa og heilskapleg utvikling av kulturarenaer og idrettsanlegg
<p>Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.</p>	<p>Vi skal skape auka medvit om kulturminna våre gjennom formidling og aktiv bruk.</p> <p>Vi skal redusere klimagassutslepp ved å ta vare på, rehabilitere og finne ny bruk for eksisterande bygg.</p> <p>Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Her var det fleire innspel til berekraftsbegrep og formulering på vegvala</p> <p>Vurdering: Rådmannen foreslår å omformulere to av dei strategiane som blei presentert på styringsgruppemøtet 27. oktober. Framlegg til nye formuleringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Vi skal vareta og bygge kunnskap om lokal tradisjonskultur · Vi skal ha ei berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv

7. Innspel under hovudmål 4: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

<p>Dette vil vi oppnå (delmål)</p>	<p>Slik skal vi gjere det (vegval)</p>	<p>Framlegg til endring og vurdering</p>
<p>Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader, tilpassa sin livssituasjon.</p>	<p>Vi skal leggje særleg til rette for innbyggjarar som ikkje bur trygt og godt.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Administrasjonen må kome med ny formulering – vise til at vi skal hjelpe innbyggjarane til å kunne hjelpe seg sjølv.</p> <p>Vurdering: Rådmannen foreslår ny formulering på delmålet:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Innbyggjarane i Alver bur i trygge og

<p>Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassar sine behov</p>	<p>Vi skal gje god service, ha ei open forvaltning og nytte kommunikasjonskanalar tilpassar ulike behov.</p>	<p>gode bustader.</p> <p>Rådmannen forslår ny formulering på vegval:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi skal bidra til innbyggjarar med ulike behov og utfordringar får eit bustadtilbod. <p>Innspel frå styringsgruppe: Det må kome tydeleg fram at vi skal vere tilgjengeleg for innbyggjarane våre. Det må vere lett å forstå det kommunen kommuniserer.</p> <p>Vurdering: Rådmannen foreslår følgjande formulering for å presisere at kommunen skal vere tilgjengeleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.
<p>Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassar sine behov</p>	<p>Vi skal ta i bruk fleire digitale verktøy som gjer at innbyggjarar, brukarar og kundar kan hjelpe seg sjølv.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Kan vi finne anna formulering for ...<i>kan hjelpe seg sjølv?</i></p> <p>Vurdering: Rådmannen foreslår følgjande formulering:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi skal ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpslysingar.

8.Innspel under kap 5.3: Slik skal vi jobbe for å måla

Dette vil vi oppnå (delmål)	Slik skal vi gjere det (vegval)	Framlegg til endring og vurdering
<p>Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert organisasjon.</p>	<p>Vi skal leggje til rette for heile stillingar der det er mogleg.</p>	<p>Innspel frå styringsgruppe: Vi vil ha følgjande formulering: Vi skal ha ein heiltidskultur der heile og faste stillingar er hovudregelen/normalen</p> <p>Vurdering: Alver kommune har ein policy om å ha faste stillingar. Utfordringa er å etablere eit system som leggjer til rette for heile stillingar. Rådmannen har følgjande innspel til justering:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi skal ha ein heiltidskultur, der hovudregelen er heile stillingar.

9. Prinsipp for arealbruk

I kap. 5 er det lagt inn fleire nye mål og vegval i høyringsdokumentet, og mange av desse påverkar korleis vi nyttar areala våre. Kap. 6 beskriv prinsipp for arealbruk og dette kapittelet er oppdatert i forhold til nye mål og vegval. Følgjande område er justert:

6.2 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Under hovudmål 1 er det laga ein strategi (vegval) med følgjande formulering: *Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging utanfor definerte senter.* I kap 6.2, prinsipp for bustadutvikling, er det lagt inn følgjande framlegg til kvalitetskrav for spreidd busetting:

- Vi skal leggje til rette for ei bustadutvikling som støttar opp om bygdene
- Vi skal leggje til rette for at ny utvikling i hovudsak skal skje i tilknytning til eksisterande bygde areal, skular og barnehage.
- Vi skal sikre at utbygginga er lokalt tilpassa med omsyn til høgde og utnyttingsgrad
- Vi skal sikre at ny utbygging tar vare på kvalitetane i området
- Vi skal sikre at ny utbygging ikkje byggjer ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.
- Vi skal leggje til rette for at ein kan etablere bustadhus nummer to på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Dette gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte.

Prinsipp for strandsoneforvaltning

Styringsgruppa har vore tydeleg på ein ønskjer å utfordre nasjonal strandsoneforvaltning, slik at det blir enklare å bygge bustader, fritidsbustader, naust og båtplassar i kystnære strok. Forvaltninga av strandsona er strengt regulert av nasjonale lover og føringar. I statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona er Alver kommune plassert både i sone 2 og sone 3. Med Alver kommune sin geografi er det naturleg og ønskeleg at det er rom for utvikling i strandsona. Handlingsrommet for å få dette til, er å bruke kartlegging av funksjonell strandsona som grep til å planlegge tiltak i kystnære strok. Rådmannen rår til å leggje følgjande prinsipp for strandsoneforvaltning inn i kap 6.2:

Alver kommune har ei lang kystline, og store deler av kommunen har geografisk nærleik til sjø. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- *Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda.*
- *Vi skal sikre ålmenta si tilgang til sjø ved tiltak i strandsona*
- *Vi skal legge kartlegging av den funksjonelle strandsona til grunn, ved planlegging av tiltak i sjønære område.*

6.3 Prinsipp for senterstruktur

I samband med moglegheitsstudien for lokal- og nærsenter, som vart avslutta vår 2021, kom det fram at Alver kommune bør vurdere senterstrukturen på nytt. Kommunen bør legge opp til ei tredeling av senterstrukturen (i tråd med regional plan for attraktive senter) og talet på nærsenter. Dagens senterstruktur er bygd på det som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune.

I arbeidet med samfunnsdelen er det starta eit analysearbeid for å vurdere senterstrukturen på nytt. Vurderinga er omtalt i vedlagt rapport, *Senterstruktur i Alver - siling og tilråding*. Tilrådinga er at det blir lagt inn ein ny tredelt senterstruktur for Alver, med tre nye nærsenter. Desse nærsentera er Myking, Alversund og Seim (Sjå kart lenger nede). I arbeidet med analyse, siling og tilråding er følgjande kriterier lagt til grunn for val av nye nærsenter:


1. Det må vere ein fysisk avgrensa stad, ei bygd med lokal historie, kultur og identitet. Mange funksjonar, spreidd over eit stort område, er ikkje eit senter.

2. Eit nærsenter bør innehalde viktige funksjonar innbyggjarane treng i kvardagen, td. barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, samt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.
3. Det må vere høgt nok folketal for å støtte opp om funksjonane.
4. Senterstrukturen bør sikre at flest mogleg av innbyggjarane får eit tilbod i nærleiken av der dei bur.
5. Nærsentera må ikkje ligge for nær kvarandre geografisk for å redusere konkurranse.
6. Talet på nye nærsenters må avgrensast; for mange senter vil gje færre tilbod på kvar stad og konkurranse om lokalisering av tenester og tilbod.

Intensjonen med å fastsette ein ny senterstruktur, med fleire nærsenters, er å få ein senterstruktur som er tilpassa busettingsmønsteret i kommunen, gjev flest mogleg av innbyggjarane i kommunen nærleik til eit senter, samstundes som det samla talet på senter ikkje vert for høgt. I arbeidet med den nye senterstrukturen har det vore mange spørsmål om kva den nye senterstrukturen vil bety, kva det vil bety å vere eit senter og kva det vil bety å ikkje vere eit senter. Fastsetting av ein senterstruktur er kommunen si prioritering av kva stader vi skal satse på i utviklinga av kommunen.

Lokalisering av nye tenester skal bygge opp om definerte senter, dimensjonert etter senternivå. Den nye senterstrukturen, vil også vere eit styrke for omlandet til kvart enkelt senter, ved at ein større del av innbyggjarane vil kunne få dekkja sine daglege behov med kortare reiseavstand. Med den nye senterstrukturen bur 80 % av innbyggjarane i Alver innanfor ein 5 km radius til eit definert senter.

Bygder og bustadkonsentrasjonar som ikkje er del av senterstrukturen skal også sikrast ei utvikling, men i ein mindre skala. Ved utvikling av bygdene skal ein ta i bruk dei same prinsippa som for sentera, mellom anna med å legge til rette for utvikling i tilknytning til eksisterande utbygd areal og funksjonar som til dømes skule og barnehage.



Kart: framlegg til ny senterstruktur i Alver

Andre presiseringar knytt til sentera

Kvalitetar i sentera

Rådmannen foreslår følgjande tekst: Satsinga på å utvikle levande og attraktive sentera med varierte butiltbod, gang- og sykkelsamband, møteplassar og kvalitet på lokale tilbod (handel, tenester og fritid), er ein styrke både for dei som bur i sentera og for innbyggjarane som bur utanfor, og som nyttar sentera til ulike tenester og tilbod.

Kompakt senterutvikling (Fortetting i eit Alver-perspektiv)

Følgjande presisering er lagt inn i teksten: Vi skal sikre at ny detaljhandel er lokalisert innanfor sentrumsavgrensinga.

Høyringsperiode

Det blir lagt opp til ein aktiv høyringsperiode der kommunen inviterer seg inn på etablerte arenaer i heile kommunen. Plan for høyringsperioden blir drøfta saman med formannskapet i møte 11. november. For å sikre ei brei og god deltaking blir det lagt opp til ein høyringsperiode fram til 1. februar 2022.

Grafisk utforming og presentasjon av samfunnsdelen

Administrasjonen vil jobbe vidare med det grafiske uttrykket til planen etter høyringsperioden. Vi vil lage ei brosjyre, som det er lett å ta med seg og kjekt bla i – i tillegg til at planen blir tilgjengeleg i det digitale plan-verktøyet, Framsikt.

Tilråding

Rådmannen rår til at høyringsutkast for kommuneplanen sin samfunnsdel blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfrist er sett til 1. februar 2022.

Vedlegg i saken:

04.11.2021	1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034_høyringsutkast	1636739
04.11.2021	2 Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel Alver kommune	1636740
04.11.2021	3 Senterstruktur i Alver_Siling og tilråding_vedlegg til politisk sak	1636741
04.11.2021	4 Krf - Ap - Sp - H sitt framlegg til styringsgruppemøte 29-09-21	1636742
04.11.2021	5 MDG - Raudt - V - SV sitt framlegg til styringsgruppemøte 29-09-21	1636743
04.11.2021	6 Referat_styringsgruppemøte 27. okt 2021	1636744
04.11.2021	7 Rapport 1_Melding frå folket_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636745
04.11.2021	8 Rapport 2_Nærsenterrapport_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636746
04.11.2021	9 Rapport 3_Samtale med råda_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636747
04.11.2021	10 Rapport 4_Mitt Alver_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636748
04.11.2021	11 Rapport 5_Digital samfunnsdialog_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636749
04.11.2021	12 Rapport 6_Melding frå administrasjonen_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21	1636750
04.11.2021	13 Rapport 7_Tenketank med næringslivet_21	1636751